

Møteprotokoll

Kommunestyret

Møtedato: 19.03.2026**Møtetid:**

10:00 - 15:00

Møtestad: VHO- allrommet**Saksnr.:**

013/26 – 019/26

Følgjande medleamar møtte	Parti
Aleksander Valsvik	AP
Annette Refsdal	SP
Aud Marit Berge Feidje	AP
Bjarne Larsen	AP
Björg Eldri Fritsvold	SV
Eivind Sverre Lidal	SP
Hild Berglund	AP
Jens Andreas Melheim	AP
Katrine Evensen Hove	SP
Lars-Magnus Romslo Bungum	AP
Marta Sofie Vange	H
Morten Midlang	H
Roy Egil Stadheim	AP
Rune Lunde	AP
Rune Tangstad	AP
Siri Wølneberg Bøthun	SP
Victoria Midlang Harbakk	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Bjarne Engum	SP
Dag Einar Bøtun	SP

Følgjande varamedl. møtte	Parti
Annette Refsdal	SP
Katrine Evensen Hove	SP

Ugilde	Parti	Sak	Følgjande varamedl. Møtte	Parti

Møteleiar:	Ordførar Roy Egil Stadheim
Frå adm. møtte:	Kommunedirektør Siri Fahlvik Pettersen



Dokument utlevert i møte:	
Synfaring:	
Merknader:	



Sakliste

Sak nr.	Saktittel
013/26	Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka
014/26	Referatsaker
015/26	Kommunestyret sin spørjetime
016/26	Program politkardagen om ny samfunnsdel til kommuneplan 2026-2037
017/26	Fullmakt til å ta opp startlån i 2026
018/26	Kommunekommisjonen
019/26	Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037 blir lagt ut på høyring og offentlig ettersyn



013/26: Godkjenning av innkalling og sakliste samt val av representantar til å godkjenne møteboka

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren):

19.03.2026 Kommunestyret

Ordførar gjorde framlegg om følgjande endringar i saksrekkjefølga:

Sak 017/26 og 018/26 blir flytta opp rett etter sak 015/26. Kommunestyret vedtok endringane samrøystes.

KS - 013/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre. Desse representantane vart valde til å godkjenne møteboka (i tillegg til ordføraren): Jens Melheim(AP) og Morten Midlang (H).

Samrøystes.

014/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

19.03.2026 Kommunestyret

- Ordføraren orienterte om prosessen kring rekruttering av kommunedirektør. Stillinga vart lyst ut 16. mars med søknadsfrist 8. april. Det vert eit ekstra kommunestyremøte 26.05.26 kl. 14.00.
- Einslege mindreårige (EM) – kommunedirektøren får i oppgåve å greie ut moglegheita for å ta imot tre fleire einslege mindreårige i kommunen.

KS - 014/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Samrøystes.



015/26: Kommunestyret sin spørjetime

19.03.2026 Kommunestyret

Spørsmål frå Morten Midlang H til kommunestyremøte 19. mars – kommuneplan

I høve kommunestyremøtet kommande veke og evt. framtidig handsaming av samfunnsplanen, ynskjer eg tilsendt ein kopi av siste utgåve av "Kulturplan for Vik kommune", anten i elektronisk format eller på papir.

Svar:

Kulturplan for Vik 1991-1995 er sendt heile kommunestyret.

Samtidig ynskjer eg å vite kor mykje stillingsresursar i administrasjonen som no vert brukt på kultur-feltet, og kven som fungerer i desse, og kva som blir gjort av drift og vedlikehald av kommunale kulturbygg.

Svar:

Det er fleire personar som arbeider med dette, men som ikkje har det som sin fulle stilling, mellom anna kommunalsjefen. Vidare er fordelinga slik:

- Kulturskulen er det 1,85 årsverk fordelt på 6 tilsette
- Frivilligsentralen 1 årsverk fordelt på 2 tilsette (i den grad dette er å sjå på som eit kulturtilbod)
- Biblioteket 1,1 årsverk fordelt på 2 personar 0,5 årsverk er leigd ut til Vik fengsel

I driftsutgifter til kultur kjem kulturskulen, tilskot til 17 mai-nemnder, tilskot til kultur, drift og vedlikehald av Vangsnes grendahus, Notestova mm.

Tilskot til idrettslag og kulturminne og søknader som kjem til kulturbygg i Vestland gjennom fylkeskommunen, samt kommunen sitt eige kulturbyggfond som akkurat er avslutta.

KOSTA analyse frå KS- konsulent 2024 syner at Vik kommune nyttar mindre til kultur enn KOSTRA gruppe 6, kommunar me kan samanlikna oss med. Vik kommune nyttar meir til idrett enn andre kulturaktiviteter. Jf KOSTRA prioritering delteneste.



Utgifter kultur 2025

- Manuelt utplukk.
- Avskrivingskostnader er med i rapporten.
- Kostrafunksjonar i utplukket:
 - 231 Aktivitetstilbod til born og unge
 - 370 Bibliotek
 - 373 Kino
 - 375 Museer
 - 377 Kunstformidling
 - 380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg
 - 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg
 - 383 Kulturskule
 - 385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg
 - 386 Kommunale kulturbygg

#velkomentilvik

Kostrafunksjon	Innhald	Rekneskap 2025, kr.
231 Aktivitetstilbod til born og unge	Ungdomsklubb	16 865
370 Bibliotek	Utgifer til folkebibliotek	1 039 398
373 Kino		0
375 Museer		0
377 Kunstformidling		0
380 Idrett og tilskot til andre sine idrettsanlegg	Tilskot til idretsorganisasjonar	1 029 083
381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg	Driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og -anlegg	
Blødhalli		1 362 972
Vik aktivitetspark		919 407
383 Kulturskule	Drift av kommunal kulturskule	1 455 241
385 Andre kulturaktivitetar og tilskot til andre sine kulturbygg	Aktivitetar i kommunal regi, tilskot til andre sine aktivitetar	
Kulturkontoret		182 671
Tilskot til andre sine kulturbygg		111 800
Lokalhistorisk arkiv		154 615
Notestova		133 802
Støtte til frivillige lag og organisasjonar		97 000
Vik frivilligsentral		517 502
386 Kommunale kulturbygg	Drift og vedlikehald av kommunale kulturbygg	
Lokalhistorisk arkiv		113 954
Notestova		131 769
Samfunnshus		3 660
Kulturbygg Vangsnes		27 343
Frivilligsentral		46 079
SUM		7 343 161

KS - 015/26 Vedtak:

Handsaminga gav ikkje grunnlag for vedtak. Saka vart teke til vitande.

Samrøystes.

016/26: Program politkardagen om ny samfunnsdel til kommuneplan 2026-2037

19.03.2026 Kommunestyret

Areal- og samfunnsplanleggar Karen Weichert og tenesteleiar Mats Sæterlid deltok i møtet.

Tilleggsforslag - framlegg om endringar - Siri Wølneberg Bøtun(SP)

Framlegg til vedtak:

"Det vert synt til kartfestinga av stier og løyper i kommunen vedlagt utkastet til sti og løypeplan.

For å unngå faren for at fjellområda vert overbelasta med for høg ferdsel i villreinen sine vinterbeiteområde skal turruter på ski som ikkje er merkt, kvista eller oppkjørt, ikkje publiserast på trykte kart eller offentlege turrutebasar (som ut.no, turrutebasen m.m.).

For å unngå for høg slitasje på gamle stølsvegar og lokale stiar skal turruter til fots som ikkje er merkt, ikkje publiserast på trykte kart eller offentlege turrutebasar (som ut.no, turrutebasen m.m.)."

Framlegg til endringar i grunnlagsdokument:

I kapittelet om «Status og utviklingstrekk» under omtalen av næringslivet skal industri nemnast mellom dei eksisterande, viktige næringane i kommunen.

Arealstrategi, framlegg til endring:

Punkt:

- Arealrekneskap skal brukast som grunnlag for vurdering av planreserven (ikkje utbygde byggeområde) i arealdelen til kommuneplanen, og til å sikre effektiv arealbruk. Planreserven skal vere tilpassa det estimerte behovet for planperioden.

Framlegg: Endre siste setning til dette: «Planreserven skal ta høgde for ei ynskt utvikling».

Punkt:

- Bygging i strandsona skal avgrensast til område som alt er utbygde, jf. kommunen sin strandsoneanalyse. Attraktive areal og kantvegetasjon langs vatn og vassdrag skal sikrast som fellesgode.

Framlegg: stryk første setning, behold andre setning.



Punkt:

- Det skal vere eigna areal for næring i Arnafjord, Vik, Vangsnes, Feios og Fresvik, med vekt på grøn næringsutvikling.

Framlegg: stryk siste del av setninga; med vekt på grøn næringsutvikling.

Framlegg til nytt punkt:

- Fjellområda skal forvaltast berekraftig, med balanse mellom friluftsliv, naturmangfald og næring. Det skal ikkje opnast for vindkraftanlegg i fjellet.

Tilleggsforslag - framlegg om endringar - Jens Melheim (AP)



HOVUDSTRUKTUR:

1. Tre nivå er nok (Visjon – Satsingsområde – Strategiar)
2. Utvide frå 5 til 7 satsingområde
3. Balanse mellom satsingsområda, i tekstomfang og tiltaksbeskriving
4. Politisk forankra visjon, satsingområde og strategiar
5. Døme på tiltak som vedlegg til høyringsutkastet – kan utgå i endeleg plan eller vera eit vedlegg til samfunnsdelen
6. Eigen temaplan «Språkbruksplan»
7. Eigen temaplan for klima og naturmangfald – redusere omfanget av kapittelet om grøn omstilling i samfunnsdelen
8. Folketalstabilisering bør omtalast i tekstforklaringa til visjonen
9. Rydde i opplistinga av ulike mål, strategiar o.l., slik at dei heng logisk saman med satsingsområda

ELLES:

1. Landbruk er lite nemt i statusutgreiing og tiltaksdelen. Få med noko om det
2. Industri og tenesteytande næring ikkje er nemd i statusutgreiinga. Få med noko om det
3. Aktiviteten til frivillige lag og organisasjonar er ikkje gjeven den plassen dei fortener i statusutgreiinga som viktig medspelar i strategiane
4. Berekraftsmål 8, 9 og 10 må også ha spesielt fokus
5. Berekraftsmål 6, 14, 15 og 16 er litt mindre viktige
6. Satsing på nynorsk treng ikkje vera eit strategitiltak i Vik som er særskilt viktig




KOMMUNEN SIN AREALSTRATEGI:

1. Ta ut at Vangsnes skal vera hovudsatsingsområde for framtidig bustad- og næringsutvikling
2. Det skal ikkje opnast for nye areal (enn det som er avsett i dag) til fiskeoppdrett i sjø.
3. Planreserve for fritidsbustader treng ikkje vera knytta opp til kvart lokalsamfunn
4. Bygging av skogsvegar skal følgje hovudplan for skogsvegar. (Slett resten)
5. I område med god tilkomst mellom bygdene kan det opnast for kombinert formål bustad/fritidsbustad

MÅLKONFLIKTAR:

1. Nye større tiltak og satsingar må konsekvensutgreiast. Fordelane må vere større enn ulempene for at tiltaket skal gjennomførast.
2. Tiltakshierarkiet (Miljødirektoratet) og UFF rammeverket kan nyttast til å «få gjennom» tiltak eller satsing



Bjørg Eldri Fristsvold (SV) stilte spørsmål om beredskap har fått ein stor nok plass i planen?
Dette i høve forsyningskrise, krig mm.

Det kom fylgjande innspel til kva temaplanar kommunen bør ha/takast ut:

- Innspel - trong for reiselivsplan
- Innspel - trong for oppvekstplan
- Innspel - trong for kulturplan, inkludert kulturbygg og kulturminne.
- Innspel - trong for landbruksplan. Ny eller revidert.



- Innspel - overordna beredskapsplan. Oppdatering/revisjon av eksisterande.
- Innspel – trafikktryggingsplan: planen skal reviderast eller utarbeidast på nytt.
- Innspel - plan for helse og velferd: gjeldande plan går ut i 2026. Trong for ny plan.

Framlegg til vedtak - Aud Marit Berge Feidje (AP)

Innspela blir sende tilbake til administrasjonen, som vurderer kva som kan vedtakast og kva som treng vidare utgreiing. Saka kjem attende til kommunestyret på eit seinare tidspunkt. Administrasjonen kjem tilbake med løypemelding til formannskapet, dersom det er trong for omfattande utgreiingar.

Ordførar sette framlegget til Aud Marit Berge Feidje (AP) under røysting og kommunestyret vedtok Feidje sitt framlegg samrøystes.

KS - 016/26 Vedtak:

Innspela blir sende tilbake til administrasjonen, som vurderer kva som kan vedtakast og kva som treng vidare utgreiing. Saka kjem attende til kommunestyret på eit seinare tidspunkt. Administrasjonen kjem tilbake med løypemelding til formannskapet, dersom det er trong for omfattande utgreiingar.

Samrøystes.

017/26: Fullmakt til å ta opp startlån i 2026

Kommunedirektøren si tilråding

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

12.03.2026 Formannskapet

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 5 stemmer (100%) - AP 3, H 1, SP 1

Mot: 0 stemmer (0%)

FS - 024/26 Vedtak:

Formannskapet legg saka fram for kommunestyret med følgjande framlegg til vedtak:



Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

Samrøystes.

19.03.2026 Kommunestyret

KS - 017/26 Vedtak:

Kommunedirektøren får fullmakt til å ta opp startlån i Husbanken til vidare utlån med inntil kr. 6.000.000,- i 2026. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere avtale om opptak av lån, og avtale lånetidspunkt og lånevilkår (herunder løpetid), samt fullmakt til å underteikne lånedokumenta innafor vedteken låneramme.

Samrøystes.

018/26: Kommunekommisjonen

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunestyret vedtek høyringsuttale slik det går fram av saksutgreiinga.

19.03.2026 Kommunestyret

Tilleggsforslag - kommunekommisjonen - Bjarne Larsen(AP)

Vurdering:

Kommunedirektøren gjer framlegg om at kommunestyret gjev slik uttale til NOU 2026: 1 En berekraftig kommunesektor (kommisjonen si første delutgreiing)

Utgreiinga peikar på sentrale utfordringar ved dagens styringsregime, mellom anna at statleg styring i sum er blitt for detaljert og lite samordna, og at kommunane treng betre vilkår for omstilling i møte med demografi, arbeidskraftmangel og pressa økonomi.

Kommunestyret meiner at det kan vere trong for å vurdere å gjere endringar i styringssystemet slik at lokale folkevalde på nokre område i større grad kan prioritere, omstille og ta ansvar for heilskapen. Sjølv om nasjonale mål og rettar skal liggje fast, bør staten i større grad definere kva kommunane skal oppnå, medan kommunane får noko meir fridom til å vurdere korleis det best kan gjerast lokalt.

Kommunestyret vil særleg peike på at små distriktskommunar blir ramma hardt når statlege normer og detaljkrav ikkje tek omsyn til lokale tilhøve.



KS har påpeika at den økonomisk situasjon er krevjande for mange små distriktskommunar, og at kommunar med under 10 000 innbyggjarar ofte har ein utfordrande økonomi – trass i at kommuneøkonomien samla sett har blitt betre. Kommunestyret meiner kommunane og i framtida må kunne forvente å få overført dei ressursane som trengst for å kunne yte tenestene innbyggjarane til ei kvar tid har krav på og for å kunne sikre god kvalitetet på tenestene.

Kommunekommisjonen tilrår å avvikle lærarnorma eller flytte ho til kommunenivå, og å mjuke opp kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova for å gi kommunane større fleksibilitet.

Kommunestyret stør ikkje framlegget om å leggja lærarnorma til kommunenivå, men ønsker å ivareta norma på skulenivå. Med ei statleg norm sikrar ein at stat og kommune arbeider mot same mål om å skapa og ivareta ein god grunnskule-kvardag for barn, ungdom og tilsette i heile landet. Å ha færre lærarar i klasseromma, vil uansett ikkje løyse rekrutteringsutfordringane kommunen har innan helsesektoren. Færre krav til kompetanse til tilsette innan helse og omsorg vil heller ikkje kunne løyse utfordringane med å rekruttere til desse yrka. Ei større satsing på å utdanne helsepersonell, gode arbeidstilhøve og ein auke i lønna til tilsette i offentleg sektor vil derimot vere viktige tiltak for å auke rekrutteringa av arbeidskraft.

Kommunestyret meiner og at å skrote alle øymerka overføringar til kommunane kan vere ein farleg veg å gå, sjølv om ein bør ha stor tillitt til at lokalpolitikarar har evne og vilje til å ivareta innbyggjarane sin trong for tenester på ein god måte. Øymerka midlar er på nokre område ei viktig ordning for å sikre likeverdige tenester i heile landet.

Tilsyn og rapportering frå mange statlege aktørar krev urimeleg mykje tid og ressursar i små administrasjonar. Når rapportering, kontroll og oppfølging kjem frå fleire hald – ofte med ulike krav til dokumentasjon, fristar og system – går det utover kapasiteten til leiing, utvikling og drift. Tilsyn må i større grad rettast mot dei områda der risikoen for feil eller svikt er størst, slik at kommunane slepp unødige kontroll og kan bruke meir tid på tenestene.

Kommunane i Sognaregionen har lange tradisjonar for interkommunalt samarbeid og har dei siste åra ytterlegare styrkt dette gjennom ei rekkje felles tenester og utviklingsområde – mellom anna gjennom bruk av vertskommunemodellen. Slike samarbeidsløysingar er heilt sentrale for å byggje robuste fagmiljø, sikre berekraftig drift og levere forsvarlege tenester i ei tid med aukande krav og stram tilgang på kompetanse. For at denne utviklinga skal halde fram, er det avgjerande at regelverk og statleg praksis støttar opp om lokalt tilpassa modellar og ikkje innfører avgrensingar som skapar unødige friksjon eller hindrar fleksibel organisering. Erfaringane frå Sognaregionen viser tydeleg at interkommunalt samarbeid er eit verkemiddel som fungerer når det får gode rammevilkår. Kommunestyret støttar difor KS si linje om at staten må leggje til rette for at kommunesektoren kan organisere seg på måtar som faktisk er funksjonelle og føremålstenlege – innanfor tydelege, men romslege, overordna rammer.

For å møte rekrutteringsutfordringar og aukande krav til kvalitet og kapasitet, må kommunane stimulerast til å etablere og vidareutvikle interkommunale samarbeid som gjer tenestene meir robuste og mindre sårbare. Samstundes treng kommunesektoren rom og insentiv til systematisk tenesteinnovasjon – med nye arbeidsmåtar, betre bruk av teknologi og meir effektiv oppgåvedeling. Staten bør leggje til rette for dette gjennom regelverk, finansieringsordningar og støtteapparat som premierer samarbeid og fornying framfor



detaljstyring.

Enkelte kommunar har dei siste åra arbeidd målretta med å utvikle meir sjølvleiane og medarbeidardrivne organisasjonsmodellar, der mellom anna medleing, designbasert problemløysing og meir fleksible styringssystem har vore sentrale verkemiddel. Erfaringane viser at slike tilnærmingar kan bidra til lågare sjukefråvær, raskare beslutningsprosessar og betre løysingar utvikla i samarbeid mellom tenester og innbyggjarar. Dette kan vere til inspirasjon for kommunar som ønskjer å styrkje innovasjonsevna, frigjere kapasitet og byggje meir robuste tenester for framtida.

Areal- og planprosessar blir ofte forseinka av motsegner og statlege innspel, krav og føringar frå fleire organ. Dette kan hemme viktig utvikling, både for bustader, næringsareal, infrastruktur og grøne omstillingstiltak. For kommunar som skal skape vekst, sikre bustader og leggja til rette for arbeidsplassar, er føreseielege og effektive planprosessar ein føresetnad. Kommunestyret meiner difor at oppfølginga av kommunekommisjonen må ta på alvor behovet for meir samordna statlege innspel, betre prosessar for avklaring tidleg, og redusert risiko for at lokale planprosessar stoppar opp i langvarige motsegnsløp. Behovet for å finne ei betre balanse mellom statleg styring og lokalt handlingsrom er også eit sentralt utgangspunkt for at kommunestyret vart etablert.

Kommunestyret vil streka under at dagens styringstrykk og omfanget av statleg kontroll i praksis kan føre til at særleg mindre kommunar, med små administrasjonar og avgrensa kapasitet, ikkje maktar å utnytte det handlingsrommet dei formelt sett har. Når store delar av kapasiteten går med til rapportering, tilsyn og å navigere komplekse regelverk, blir det lite rom igjen for utviklingsarbeid og for å ta lokale initiativ. Dette undergrev nettopp den fleksibiliteten og det lokaldemokratiske ansvaret som staten seier at kommunane skal ha. Avslutningsvis vil kommunestyret streke under at målet ikkje må vere er å svekkje kvalitet, tryggleik eller innbyggjarane sine rettar, men å sikre eit styringssystem som gjer det mogleg å levere gode tenester over tid – også med knappare arbeidskraft og strammare økonomi.

Ordførar sette kommunedirektøren sitt framlegg mot Bjarne Larsen (AP) sitt framlegg og kommunestyret vedtok Larsen sitt framlegg samrøystes.

KS - 018/26 Vedtak:

Kommunedirektøren gjer framlegg om at kommunestyret gjev slik uttale til NOU 2026: 1 En berekraftig kommunesektor (kommisjonen si første delutgreiing)

Utgreiinga peikar på sentrale utfordringar ved dagens styringsregime, mellom anna at statleg styring i sum er blitt for detaljert og lite samordna, og at kommunane treng betre vilkår for omstilling i møte med demografi, arbeidskraftmangel og pressa økonomi.

Kommunestyret meiner at det kan vere trong for å vurdere å gjere endringar i styringssystemet slik at lokale folkevalde på nokre område i større grad kan prioritere, omstille og ta ansvar for heilskapen. Sjølv om nasjonale mål og rettar skal liggje fast, bør staten i større grad definere kva kommunane skal oppnå, medan kommunane får noko meir fridom til å vurdere korleis det best kan gjerast lokalt.

Kommunestyret vil særleg peike på at små distriktskommunar blir ramma hardt når statlege



normer og detaljkrav ikkje tek omsyn til lokale tilhøve.

KS har påpeika at den økonomisk situasjon er krevjande for mange små distriktskommunar, og at kommunar med under 10 000 innbyggjarar ofte har ein utfordrande økonomi – trass i at kommuneøkonomien samla sett har blitt betre. Kommunestyret meiner kommunane og i framtida må kunne forvente å få overført dei ressursane som trengst for å kunne yte tenestene innbyggjarane til ei kvar tid har krav på og for å kunne sikre god kvalitet på tenestene.

Kommunekommisjonen tilrår å avvikle lærarnorma eller flytte ho til kommunenivå, og å mjuke opp kompetansekrava i helse- og omsorgstenestelova for å gi kommunane større fleksibilitet.

Kommunestyret stør ikkje framlegget om å leggja lærarnorma til kommunenivå, men ønsker å ivareta norma på skulenivå. Med ei statleg norm sikrar ein at stat og kommune arbeider mot same mål om å skapa og ivareta ein god grunnskule-kvardag for barn, ungdom og tilsette i heile landet. Å ha færre lærarar i klasseromma, vil uansett ikkje løyse rekrutteringsutfordringane kommunen har innan helsesektoren. Færre krav til kompetanse til tilsette innan helse og omsorg vil heller ikkje kunne løyse utfordringane med å rekruttere til desse yrka. Ei større satsing på å utdanne helsepersonell, gode arbeidstilhøve og ein auke i lønna til tilsette i offentleg sektor vil derimot vere viktige tiltak for å auke rekrutteringa av arbeidskraft.

Kommunestyret meiner og at å skrote alle øymerka overføringar til kommunane kan vere ein farleg veg å gå, sjølv om ein bør ha stor tillitt til at lokalpolitikarar har evne og vilje til å ivareta innbyggjarane sin trong for tenester på ein god måte. Øymerka midlar er på nokre område ei viktig ordning for å sikre likeverdige tenester i heile landet.

Tilsyn og rapportering frå mange statlege aktørar krev urimeleg mykje tid og ressursar i små administrasjonar. Når rapportering, kontroll og oppfølging kjem frå fleire hald – ofte med ulike krav til dokumentasjon, fristar og system – går det utover kapasiteten til leing, utvikling og drift. Tilsyn må i større grad rettast mot dei områda der risikoen for feil eller svikt er størst, slik at kommunane slepp unødig kontroll og kan bruke meir tid på tenestene.

Kommunane i Sognaregionen har lange tradisjonar for interkommunalt samarbeid og har dei siste åra ytterlegare styrkt dette gjennom ei rekkje felles tenester og utviklingsområde – mellom anna gjennom bruk av vertskommunemodellen. Slike samarbeidsløysingar er heilt sentrale for å byggje robuste fagmiljø, sikre berekraftig drift og levere forsvarlege tenester i ei tid med aukande krav og stram tilgang på kompetanse. For at denne utviklinga skal halde fram, er det avgjerande at regelverk og statleg praksis støttar opp om lokalt tilpassa modellar og ikkje innfører avgrensingar som skapar unødig friksjon eller hindrar fleksibel organisering. Erfaringane frå Sognaregionen viser tydeleg at interkommunalt samarbeid er eit verkemiddel som fungerer når det får gode rammevilkår. Kommunestyret støttar difor KS si linje om at staten må leggje til rette for at kommunesektoren kan organisere seg på måtar som faktisk er funksjonelle og føremålstenlege – innanfor tydelege, men romslege, overordna rammer. For å møte rekrutteringsutfordringar og aukande krav til kvalitet og kapasitet, må kommunane stimulerast til å etablere og vidareutvikle interkommunale samarbeid som gjer tenestene meir robuste og mindre sårbare.



Samstundes treng kommunesektoren rom og insentiv til systematisk tenesteinnovasjon – med nye arbeidsmåtar, betre bruk av teknologi og meir effektiv oppgåvedeling. Staten bør leggje til rette for dette gjennom regelverk, finansieringsordningar og støtteapparat som premierer samarbeid og fornying framfor detaljstyring.

Enkelte kommunar har dei siste åra arbeidd målretta med å utvikle meir sjølvleiane og medarbeidardrivne organisasjonsmodellar, der mellom anna medleing, designbasert problemløysing og meir fleksible styringssystem har vore sentrale verkemiddel. Erfaringane viser at slike tilnærmingar kan bidra til lågare sjukefråvær, raskare beslutningsprosessar og betre løysingar utvikla i samarbeid mellom tenester og innbyggjarar. Dette kan vere til inspirasjon for kommunar som ønskjer å styrkje innovasjonsevna, frigjere kapasitet og byggje meir robuste tenester for framtida.

Areal- og planprosessar blir ofte forseinka av motsegner og statlege innspel, krav og føringar frå fleire organ. Dette kan hemme viktig utvikling, både for bustader, næringsareal, infrastruktur og grøne omstillingstiltak. For kommunar som skal skape vekst, sikre bustader og leggja til rette for arbeidsplassar, er føreseielege og effektive planprosessar ein føresetnad. Kommunestyret meiner difor at oppfølginga av kommunekommisjonen må ta på alvor behovet for meir samordna statlege innspel, betre prosessar for avklaring tidleg, og redusert risiko for at lokale planprosessar stoppar opp i langvarige motsegnsløp. Behovet for å finne ei betre balanse mellom statleg styring og lokalt handlingsrom er også eit sentralt utgangspunkt for at kommisjonen vart etablert.

Kommunestyret vil streka under at dagens styringstrykk og omfanget av statleg kontroll i praksis kan føre til at særleg mindre kommunar, med små administrasjonar og avgrensa kapasitet, ikkje maktar å utnytte det handlingsrommet dei formelt sett har. Når store delar av kapasiteten går med til rapportering, tilsyn og å navigere komplekse regelverk, blir det lite rom igjen for utviklingsarbeid og for å ta lokale initiativ. Dette undergrev nettopp den fleksibiliteten og det lokaldemokratiske ansvaret som staten seier at kommunane skal ha.

Avslutningsvis vil kommunestyret streke under at målet ikkje må vere er å svekkje kvalitet, tryggleik eller innbyggjarane sine rettar, men å sikre eit styringssystem som gjer det mogleg å levere gode tenester over tid – også med knappare arbeidskraft og strammare økonomi.

Samrøystes.

019/26: Kommuneplanen sin samfunnsdel 2026-2037 blir lagt ut på høyring og offentleg ettersyn

Kommunedirektøren si tilråding

Framlegg til ny samfunnsdel til kommuneplan for Vik kommune 2026-2037 blir lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i samsvar med pbl. § 11-14.

05.02.2026 Formannskapet



Areal- og samfunnsplanleggjar Karen Weichert og tenesteleiar Mats Sæterlid deltok under møtet.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Kommunedirektøren si tilråding: 0 stemmer (0%)

Sak vert sendt attende til administrasjonen - Roy Egil Stadheim (AP): 5 stemmer (100%)

- AP 3, H 1, SP 1

FS - 007/26 Vedtak:

Planen vert send attende til administrasjonen, med punkt på kva planen bør innehalde. Det vert oppretta ein politikardag for kommunestyret der kommuneplanen sin samfunnsdel er einaste sak.

Punkt:

- Den politiske medverknaden har vore for svak før planen no er foreslått lagt ut på høyring
- Samfunnsdelen er kommunen sitt viktigaste strategiske styringsdokument. Han skal vise dei lange linjene, gjere prioriteringar, og gi retning for økonomiplan, sektorar og framtidige politiske val.
- Mange av dei viktigaste spørsmåla i planen er politisk ladde, til dømes:
- Kva som faktisk skal prioriterast når handlingsrommet i kommuneøkonomien blir mindre
- Korleis vi veg klima, natur, næringsutvikling og bustadbehov mot kvarandre
- Kva ambisjonsnivå kommunen realistisk skal ha dei neste åra
- Arealstrategi
- Ekstra runde med politisk medverknad gjennom politiske arbeidsgrupper og arbeidsverkstader for heile kommunestyret. Får diskutert delmål, strategiar og målkonflikar. Samfunnsdelen er politikaren sitt dokument – det er me som legg den ut på høyring.
- Til dette arbeidet treng me rapporten om høyringsinnspela.

Administrasjonen treng også tida sjølv til å utbetre manglar og direkte feil:

- Beskrivelsen av kommunen der industri og tenesteytande næring ikkje er nemd, men mykje om skog. (Næringsliv og sysselsetting)
- Aktiviteten til Vik Idrettslag spesielt
- «Inntektene av konsesjonskrafta går til næringsutvikling»
- Svarar ikkje på planprogrammet når det gjeld kva planar som tas vekk, kva planar som skal samordnast og kva planar som skal prioriterast i perioden 2026-2030.
- Minner om representant Melheim sitt endringsframlegg 25. september 2024 på Cruisebåten Aida: «Kommunestyret ynskjer ei orientering i kommunestyret med oversikt over kva planar Vik har i dag, status og planar for revisjon, eventuell samanslåing og avslutning av desse planane».



Samrøystes.

19.03.2026 Kommunestyret

Sak er vorten behandla i sak 016/26 med likelydane vedtak.

KS - 019/26 Vedtak:

Innspela blir sende tilbake til administrasjonen, som vurderer kva som kan vedtakast og kva som treng vidare utgreiing. Saka kjem attende til kommunestyret på eit seinare tidspunkt.

Administrasjonen kjem tilbake med løypemelding til formannskapet, dersom det er trong for omfattande utgreiingar.

Samrøystes.

